

Hordaland Sau og geit.



Styremøte på Eldhus Evanger torsd.16.des.Kl.10.00 til.Kl.17.15

Desse møtte: Anders Kongklevoll, Reidar Kallestad, Nils Inge Hitland, Steinar Steine, Svein Misje og Egil Øvstebø. Leiar i Gjetarhundnemnda Audun Seilen møtte etter sak.2.

Sak.1. Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

Ingen merknad.

Sak.2. Orienteringssaker. Fagtur til Leikanger, Balestrand og møte med Fatland i Ølen ang. Villsau.

Det var semja om att fagturen gav mange innsyn i nye ting hjå John Olav Husabø, det var stor interesse for det han hadde bygt med dei to fjøsa. Det var ein god diskusjon om bygningsløysingar og sau generelt, så me takkar John Olav for att han tok i mot oss. Om kvelden var det eit vel dekka jolebord på Kviknes Hotell.

Reidar Kallestad og Anders Konglevoll var på møte i Ølen der problema kring att villsaulam har for låge slaktevekter vart drøfta. Møte enda med att det ikkje er aktuelt med å nytte nemninga lam, på dyr eldre enn 1.år. HSG vil i denne saka drøfta det med Bondelag /Småbrukarlag på møte i januar, føre innspel til jordbruksstingane.

Sak.3. Årsmøte i HSG fred. 26 og laurd.27 febr.2011.

Ein utset til neste styremøte og ta opp årsmeldinga og om ein framleis skal ha den i papirutgåve. Sekretær arbeider med ein til å halde eit fagleg innslag til møte fred. kveld. Ein vil invitere leiarane i faglaga HB og HBS samt leiarane i Sogn og Fj. og Rogaland sau og geit til møte, vidare vert styremedlem i NSG Ove Holmås invitert.

Sak.4. Saueprosjekt i Hordaland.

Dette er eit prosjekt som Fylkesmannen i Hordaland kallar inn til og der Hitland, Kallestad og Konglevoll deltok. Det var semja om att HSG skal vera eigar av dette og der ein leiger inn eksterne fagfolk i den grad ein finn det nødvendig. Styret vil kalla dette: **“Ny giv i sauehaldet i Hordaland, der målet er auka produksjon, oppretthalde antal bruk og att det vert fleire som startar med sau”**

Svanhild Aksnes frå FMH møtte i denne saka og heldt ei god orientering der styret, saman med henne kom fram til mål / delmål i prosjektet. Det var ynskje om att Svanhild skulle vera sekretær. Dette ville ho få avklart med sine overordna hjå FMH. Aksnes skisserte organiseringa av prosjektet og vil arbeida vidare med prosjektsøknader og vidare

oppfylging av prosjektet. Dette vert eit omfattande og viktig prosjekt å ta fatt på for HSG.

Sak.5. Kåringssjå i Hordaland 2010.

Leiar i Avlsutvalet Tor Atle Sørheim deltok i denne saka. Han sa att ikkje alle lokallag tek dette nok på alvor med tilrettelegging for dømming, laga til grinder og halde mat til dommarane mm. Det var halde 19 kåringssjå der det på det meste var 170 lam til kåring, Voss og 6 lam til kåring i Masfjorden.

Alle lokallag som har kåring må nemna opp ein som er kåringsansvarleg slik att avlsutvalet som organiserer kåringane kan halde seg til ein person. Vidare vert lokallaga oppmoda om å utpeike nye personar til å verta kåringsdommarar då det er mangel no, særleg på Spælrasen. Det var ynskje om att Kristen Risnes og Olav Solheim skulle få ei påskjønning for arbeidet dei har lagt ned i dette med kåring og avlsarbeid. Vidare vil ein påskjøna Liv Oddny Hindenes for hennar arbeid i Gjetarhundnemnda.

Sak.6.Landsmøte I NSG på Flesland 16 og 17.mars.2011.

HSG har 6.repr.til dette møte. Det er viktig att årsmøte i HSG får fram kandidatar som er villige til og møta, då ofte dei valde repr. ikkje har høve å reise når den dagen kjem. Dei vert valde på årsmøte til HSG i febr. Ein vil prøva å få Fylkesmann Lars Sponheim til å opne landsmøte i NSG.I tillegg vil ein att Jimmy Øvredal skal ta litt under den kulturelle delen under opninga.

Sak.7.Ymse.

Reiserekningar vert å ta ut av NSG si side for å sende inn til kasserar.I ettertid vil ein att reiserekningar vert å fylle ut etter kvart møte.

Sak.8.Neste styremøte.

Leiar kallar inn til telefonstyremøte tysd.4.jan. 2011. kl.20.00

Ref. Knut Sygnestveit.